

Jan Morten Myklebust, uskedelingen som er flyplass-sjef ved Stord lufthavn, kan endeleg smila igjen, skriv bt.no og held fram:



Jan Morten Myklebust har grunn til å smila igjen.

- Flyulukke og Coast Air-konkurs. Han har ikkje hatt mykje å smila av, Jan Morten Myklebust. No flyg danskeigde Sun Air inn som ei reddande engel med solide British Airways i ryggen.

Frå 11. august opnast Osloruta med 15 avgangar i veka frå Stord til Oslo og tilsvarande frå Oslo til Stord. Måndag til torsdag blir det tre daglege avgangar både frå Stord og Oslo. I tillegg kjem to avgangar fredag og ein søndag. Også weekendtur til Århus blir mogeleg.

Flytida til Oslo blir 45 minuttar. Flyruta er tilrettelagd i samarbeid med dei framtidige, store kundane, som Aker Stord.

- Vi er glad for at Sun Air og British Airways startar ruteflyging på Stord. Vi har mast på Sun Air opptil fleire gongar, sa Myklebust i ein pressekonferanse tysdag..

Sun Air vil nytta ein Dornier 328 – eit to motors turbopropfly med plass til 32 passasjerar..